



Korleis opprette ein ny brukar på Innovasjon Norge si heimeside for å skrive ein søknad.


1. Gå inn på www.innovasjon norge.no og klikk på «Min side»



2. Klikk på «Opprett ny brukar». Har du vore registrert som brukar etter 28 februar 2014 treng du ikkje registrere deg på nytt.



3. Fyll ut alle feltene og klikk på «Registrer ny bruker». Ikkje gløym å klikke på «Jeg bekrefter å ha lest og forstått personverklæringen».



**INNOVASJON
NORGE**

Registrer ny bruker

Bruk alltid din egen e-postadresse som brukernavn. Alle tilbakemeldinger fra soknadsportalen vil bli sendt til din registrerte e-postadresse


Fornavn: °

Etternavn: °

E-postadresse (brukernavn): °

Passord: °

Gjenta passord: °

For at vi skal vite at du ikke er en robot - angi hvilket bilde du ser? ° 

Fly
 Skip
 Traktor

Jeg bekrefter å ha lest og forstått personverklæringen
[Les mer om betingelser...](#)

Registrer ny bruker

4. Du får no tilsendt ein epost til den epostadressa som du brukte i registreringa ovanfor. I denne malen ligg det ei lenke som du må klikke på for å aktivere brukernamnet (epostadressa di).

Av og til går denne eposten i SPAM-filter i epostboksen og om du ikkje får eposten i løpet av 2-3 minutt, må du først sjekke der. Om du framleis ikkje får eposten, så ring tlf 800 35 171 (mellom klokka 0900 og 1500 alle kvardagar).

Du må også vere merksam på at du har 5 dagar på deg til å klikke på lenka du fekk i eposten. Om du ikkje gjer det innan 5 dagar, kjem du ikkje inn på systemet.

5. Når du no har registrert deg kan du logge deg inn og finne fram til det rette verkemiddelet som du vil søke på (<http://www.innovasjon Norge.no/no/finansiering/>)

Landbruk

- ➔ [Investeringer i tradisjonelt landbruk, kjøp av eiendom og tilleggsareal](#)
 - ➔ [Bolig på gårdsbruk](#)
 - ➔ [Tilleggsnæring i landbruket – idéavklaring og etablering](#)
 - ➔ [Tilleggsnæring i landbruket – bedriftsutvikling](#)
-

6. Ved å klikke på «opprett søknad» kjem du rett inn i søknaden og kan ta til å fylle den ut (merk at biletet under er henta frå søknaden «tradisjonelt landbruk»). På denne sida finn du følgjande val:

Kontakt kommunen før du søker →

Ta gjerne kontakt med landbruks- eller næringskontoret i kommunen din. Der får du veiledning som vil gjøre søknadsprosessen enklere.

Opprett søknad - enkeltbruk (også for utleie til samdrift) →

Opprett søknad - samdrift →

Verdivurdering og eiendomsbeskrivelse →

Dette skjemaet kan du bruke ved søknad om lån dersom det ikke benyttes eller foreligger annen takst over eiendommen.

7. Innovasjon Norge har eit eige telefonnummer og ei epostadresse som du kan bruke om du har spørsmål rundt korleis du opprettar ein ny brukar eller om du har tekniske spørsmål rundt sjølve utfyllinga av søknaden:

Epost: kundesupport@innovasjon norge.no

Tlf: 800 35 171 mellom klokka 0900 og 1500

Har du spørsmål som er av fagleg art, må du ta kontakt enten med kommunen si landbruksavdeling eller ein fagperson på ditt Innovasjon Norge-kontor.

Etter at du har sendt inn ein søknad, vert denne motteken elektronisk av den aktuelle kommunen. Kommunen gjev så ein uttale inne i den elektroniske søknaden, før den vert sendt over til Innovasjon Norge. Når den er motteken i Innovasjon Norge, får du beskjed om at søknaden er registrert og du får også oppgitt namn og kontaktinformasjon til den aktuelle sakshandsamaren.